



FITJAR *Naturlegvis*

Fitjar kommune

Rullering av kommuneplanen sin arealdel

PLANPROGRAM



Fastsett i kommunestyret 21.11.2023

1. Innleiing og føremålet med planarbeidet

Fitjar kommune skal rullera kommuneplanen sin arealdel (KPA) i tråd med plan- og bygningslova (PBL) og Fitjar kommune sin planstrategi 2020-2023 vedteken 30.09.2020. Gjeldande arealplan, kommuneplan 2011-2022, vart endeleg vedteken 20.06.2012. Samfunnsdelen, kommuneplan 2020-2040, vart vedteken 30.09.2020.

Kommunal planstrategi er eit verktøy for kommunestyret til å drøfta og prioritera planoppgåver på overordna nivå i kommunestyreperioden, jf. plan- og bygningslova § 10-1. Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert. Ved behandlinga av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan, eller delar av denne, skal reviderast.

Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og følgje opp mål og arealstrategiar som er vedteke der.


2. Om KPA

Pbl kapittel 11 gjev føringar om krav til utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel fastset arealbruken med juridisk bindande verknad. Arealdelen skal vise kva me kan byggje kor i kommunen og kva areal som ikkje skal byggjast ut. Arealdelen skal leggest til grunn for reguleringsplanlegging og handsaming av byggesaker.

Planen omfattar heile kommunen sitt land- og sjøareal. Kommuneplanen sin arealdel skal omfatta plankart, føresegner og planskildring.

Plankartet skal visa hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av areal. Føresegnene gir utfyllande føringar for korleis areal kan nyttast og kva omsyn som gjeld. Planskildringa skal skildra planen sitt kunnskapsgrunnlag, formål, hovudinnhald og verknad.



Plassering av kommuneplanen sin arealdel i planhierarkiet til kommunen

3. Om planprogrammet

Det er lovfesta i pbl § 11-13 at kommunen skal starta prosessen med å rullera kommuneplanen sin arealdel med å utarbeide eit planprogram. Dokumentet skal definera rammene for det vidare arbeidet i den tidlege fasen.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, framdrift og opplegget for medverknad. Det skal avklara trong for kunnskap, og leggja fram opplegg for konsekvensutgreiing av endringar i arealbruken. Planprogrammet skal så langt råd skildra prosessen fram mot eit framlegg til KPA slik at interessentar kan følja og påverka han.

Endeleg planprogram blir handsama og fastsett av kommunestyret.

4. Rammer og føringar for planarbeidet

4.1 Nasjonale og regionale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 vart vedtente ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og leggjast til grunn for statlege mynde sin medverknad i planlegginga.

Regjeringa trekkjer fram fem overordna perspektiv:

- Samordning og samarbeid i planlegginga gjennom oppdaterte planar, effektive og involverande planprosessar, kunnskap og kvalitet i planlegginga og god samordning med styresmaktene.
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn der det er levande bygder, nok og varierte bustadar, gode fysiske rammer for kvardagslivet, betre folkehelse og varierte tilbod
- Velferd og berekraftig verdiskaping der det vert lagt til rette for grønne industrinæringar, og der det er god infrastruktur, tilgang på kompetanse og arbeidskraft, tilrettelagt for natur- og kulturbasert reiseliv og verdiskaping skjer i ein sirkulær økonomi.
- Klima, natur og miljø for framtida, med heilskapeleg planlegging for å nå klima- og miljømåla, førebygging av klimagassutslepp, ivaretaking av naturmangfald, friluftssinteresser, og kulturmiljø, og fokus på vassmiljø.
- Samfunnstryggleik og beredskap, med fokus på naturfarar og klimatilpassing, forvaret sine arealbehov, jordvern, trygt og reint drikkevatn og ROS-analysar som grunnlag for betre planar.

Regjeringa forventar at kommunane legg berekraftsmåla til FN (som Noreg har slutta seg til), dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for arealplanlegginga. Regjeringa har dessutan trekt fram dei mest aktuelle berekraftsmåla knytt til dei fem overordna perspektiva i dei nasjonale forventningane.



FN sine 17 bærekraftsmål

Følgjande regionale planar er særskilt relevante for kommuneplanarbeidet:

- Utviklingsplan for Vestland 2020–2024. Regional planstrategi
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026)
- Regional plan for folkehelse –Fleire gode leveår for alle- 2014-2025
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger 2017
- Strandsonerettleiar Vestland fylke
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional plan for kultur 2023-2035 - Kultur bygger samfunn
- Temaplan for landbruk 2023-2027
- Temaplan for reiseliv i Vestland 2023-2025
- Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029
- Regionalplan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regionalplan for klima 2022-2035
- Regional vassforvaltningsplan 2022–2027 for Vestland vassregion
- Ny rettleiar om vassmiljø i arealplanlegging - Miljødirektoratet

Følgjande nasjonale planar og rettleiarar er særskilt relevante for kommuneplanarbeidet:

- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing 2018
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging 2014
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrka born og unge sine interesser i planlegginga 1995
- Lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027
- Kartbasert rettleiar for kommuneplanens arealdel – NVE
- Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) – Riksantikvaren 2019

4.2 Kommunale føringar

Arealdelen skal så langt det er mogleg utarbeidast i samsvar kommunale føringar, og det skal vere samanheng mellom arealdelen og andre kommunale planar, pågåande prosessar, strategiarbeid og prosjekt i kommunen.

- Kommuneplanens samfunnsdel 2020-2040, vedteken 30.09.2020.
- Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 – 2025
- Kulturminneplan 2015 – 2025
- Kartlegging og verdsetjing av område for friluftsliv i Fitjar kommune 2017

5. Hovudtema i planarbeidet

5.1 Strandsone – Fitjarøyane, byggegrense mot sjø og vassdrag

Fitjar kommune skal sikra berekraftig forvaltning og vern av strandsoneområda. Det skal leggjast til rette for tilgang til og bruk av strandsona for ålmenta.

Kommunen med alle øyane har svært mykje strandsone. I samband med førre rullering av KPA vart det gjennomført ei kartlegging av den funksjonelle strandsona i kommunen. Dette la grunnlaget for registrering av omsynssone i strandsona og for definering av ny byggegrense mot sjø. Endra og presisert lovverk, dessutan reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona, medfører at det er naudsynt med ei revidert kartlegging av den funksjonelle strandsona og byggegrense mot sjø og vassdrag. Nordland fylkeskommune sin rettleiar for funksjonell strandsona og byggegrense i 100-metersbeltet, og digital rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland vert lagt til grunn for arbeidet.

Fitjar kommune er plassert permanent i sone 3, og det er behov for å utgreie korleis Fitjar kan nytte seg av det handlingsrommet som retningslinjene gir, herunder også kva for prinsipp som skal nyttast ved fastsetjing av byggegrense og kvar byggegrensa konkret skal setjast på plankartet. Sone 3 vil gje meir råderett over strandsona lokalt.

Det må lagast ein strategi for brygger og flytebrygger for storleik, plassering og deling.

For Fitjarøyane skal me bevare kystlandskapet med kystlynghei og kystgardar gjennom aktiv bruk. Fitjarøyane er av nasjonal interesse med status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA), og bruk og forvaltning av området er naudsynt å vurdere i kommuneplanarbeidet. Me bør gjerne søkja å oppnå samarbeid og felles føresegner med tilgrensande kommunar der dette er hensiktsmessig.

5.2 Sentrumsutvikling – Fitjar sentrum

Me skal styrke og vidareutvikle tettstaden og kommunesenteret Fitjar som eit attraktiv og levande sentrum.

Bustadbygging og fortetting, blanda arealbruk, miljøgate, «byrom» og utvikling av ei attraktiv sjøside er relevante tema. Me ynskjer eit sentrum med sosiale møteplassar, blanding av handel- servicenæringar og bustader som skapar liv på kveldstid, og der det er tilrettelagt for kultur- og opplevingar.

Kommunen vil sjå på tilhøvet mellom Fitjar sentrum og omkringliggjande bustadfelt, og vurdere i kva retning Fitjar sentrum eventuelt kan utvidast., og også sjå på tilkomst til sentrum frå sjøsida, der ei trygg og god hamn er sentralt. Ny molo må vurderast.

5.3 Bustadbygging – fortetting, nye bustadfelt, LNF-spreidd, eldrebustader, folketalsvekst

Planlegge for eit tilstrekkeleg og variert bustadtilbod i tråd med kommunen sitt befolkningsbehov. Me vil leggja vekt på kvalitet, tilgjenge og universell utforming i bustadområde.

Fitjar Sentrum med omkringliggjande bustadfelt er i dag tyngdepunktet i busetnaden i kommunen. I grendene er det meir spreidd busetnad og enkelte mindre byggefelt.

Nye bustadfelt må vurderast i ei samla kapasitetsvurdering av behov etter folketalsutviklinga og alderssamansetninga i befolkninga. Planlegging bør skje gjennom eit arealrekneskap for heile kommunen.

Planarbeidet bør synleggjere potensiale for fortetting av eksisterande bustadområde og det bør utarbeidast ein tydeleg strategi for dette, der også gode uteområde og naturareal er vektlagd. Dette bør gjerast for lettare å kunne etablere eit godt gang- og sykkeltilbod, trygg skuleveg og dermed oppnå auka trafikktryggleik.

Maks BYA for bustadtomter for einebustader og fleirmannsbustader må vurderast. På same måte krav til minste tomtestorleik, og standardmål for areal avsett til biloppstillingsplass som skal medreknast i BYA.

Det må vurderast ein strategi for bustadbygging i LNF-spreidd-område, der det vert utarbeidd gode føresegnar for landbruksdrift for å unngå konflikt.

Det er eit overordna mål å auka folketallet i Fitjar. Klimamål og folkehelseutfordringar kan nåast med ein god og framtidsetta bustadstrategi.

Me vil leggje til rette for eit mangfald i ulike typar bustadbygging. Dette kan t.d. vera rimelege kommunale tomter for å tiltrekka seg førstegongsetablerarar, parsellhagar, mikrohushus, og tun- og fellesløysingar.

5.4 Fritidsbustad- og naustbygging – vidare utvikling av Kråko.

Fitjar er ein stor hyttekommune med Kråko som det store lokomotivet. Det er ynskjeleg med vidare utvikling og fortetting her. Det må vurderast nøye om me skal opna for andre hyttefelt. I eit berekraftsperspektiv vil det vera betre med fortetting med kvalitet enn å opne for nye felt.

Maks BYA for fritidsbustader må vurderast. Det må vera føresegnar for parkeringsdekning for fritidsbustader og naust.

Det må lagast ein strategi for naustbygging både plassering, storleik og utforming, der det også vert vurdert om infrastruktur slik som vatn og avlaup skal tillatast i naust.

5.5 Næring

Kommunen ynskjer å leggje til rette for berekraftig næringsutvikling og arbeidsplassar, og fremje etablering av grønne og innovative næringar.

Vekst i talet på arbeidsplassar er viktig for framtidig busetting. Det viktigaste for vekst er å sikra og tilretteleggje for utvikling i eksisterande næringsliv og bransjar i Fitjar. Det må vurderast behov for nye næringsområde, eventuelt til sjø. Fitjar må kunne dekke eventuelt behov for større næringstomter for arealkrevjande næringar.

Det må vurderast behov for og omfang av spreidd næring i LNF-område.

5.6 Arkitektur og estetikk

Kommunen bør leggje vekt på estetikk og god arkitektonisk utforming av det bygde miljø.

Bevare og vidareutvikle estetiske kvalitetar i bygde- og kulturlandskapet og sikre god arkitektonisk utforming og tilpassing til omgjevnadane mest mogleg i tråd med Fitjar sin identitet. Omsynet til landskap, jordvern, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast.

5.7 Landbruk/ – jordvern

Fitjar er og vil vere ein viktig landbrukskommune.

Jordvernet står sterkt i kommunen, og me skal følgje opp nasjonal jordvernstrategi. Kommunen kan vurdere å oppretta eit kommunalt budsjett for bruk og vern av dyrka mark og eit arealrekneskap for LNF-område i gjeldande og ny KPA.

Kommunen har mykje areal som kan dyrkast. Ved nye tiltak i LNF-område og nedbygging av dyrka jord må det leggjast til grunn ein plan for flytting av matjorda og tilsvarande nydyrking.

Norsk landbruk er avhengig av eit stabilt klima og ein natur i balanse. Landbruket vil vera ein del av løysinga knytt til både globale utslepps- og ressursutfordringar og i overgangen frå fossile til fornybare ressursar.

Det er viktig at jordbruksproduksjonen vert tilpassa eit meir uføreseieleg klima, slik at me skal kunne sikra matproduksjon og auke kvaliteten og produksjonen av det som kan produserast på jordbruksareala våre.

5.8 Havbruk

Fitjar er ein aktiv havbrukskommune og har fleire anlegg for akvakultur. Både konsesjonar for matfisk, settefisk og reinsefisk. Oppdrett av nye artar, skaldyr, skjel, hausting av tare etc. kan vera nye havbruksnæringar som kommunen bør sjå på og vurdere å skaffe areal til, særleg dersom det kan medføra nye arbeidsplassar.

Havbruksnæring må utførast innanfor ramma av miljømessig berekraft. Det må vera eit overordna mål å ha ei havbruksnæring som står for berekraftig og effektiv produksjon med ein effektiv og robust arealstruktur som optimaliserer produksjonen og som tar klima, miljø- og sjukdomsomsyn.

Planarbeidet bør omfatte ein gjennomgang av fiske- og låsetjingsplassar.

5.9 Friluft, idrett, folkehelse, kultur og turisme

Helsefremjande planlegging skal integrerast i bustadpolitikk og i arealforvaltninga elles. Kulturminne og gjeldande kulturminneplan skal vera eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen.

Nye idrettsanlegg skal vurderast opp mot eksisterande anlegg der det må vera fokus på godt vedlikehald. Eventuell etablering av nye anlegg må vera basert på eit kunnskaps- og behovsgrunnlag og gjeldande plan for idrett og friluftsliv.

Folkehelse, universell utforming og interessene til born/unge må leggjast til grunn for vurderingar og avvegingar knytt til rekreasjon, oppvekst, aldersvenleg samfunn, landskap, friluft og idrett.

Det må greiast ut om areal for utvikling av ulike typar turisme. Det bør opnast område for mindre utleigehytter t.d. tretopphytter, mikrohytter og liknande i LNF-område som LNF-næring i tilknytning til gardsbruk. Infrastruktur slik som parkering og bosshandtering er relevant innan reiseliv. Det same er universell utforming. Me må sjå på friluftslivet i arealplanlegging på ein heilskapleg og berekraftig måte.

Kommunen må ta drikkevassomsyn i planarbeidet.

5.10 Klima, naturfare, naturmangfald

Kommunen må sikre, førebygge og handtere naturfarar som flaum, skred og stormflo. Me skaal søkja trygge og robuste løysingar i all arealplanlegging. Arealplanlegging som tek

omsyn til naturfarar er det viktigaste verkemiddelet for å redusere faren for tap og skader ved naturulukker. Det må avklarast reell naturfare på areal der arealdelen opnar for utbygging utan å gå vegen om reguleringsplan. På areal der planen krev utarbeiding av reguleringsplan før utbygging, kan naturfare vera synleggjort som aktsemdsområde i arealdelen.

Me må freista å redusere klimagassutslepp og tilpasse oss klimaendringar, fremje energieffektivitet og skifte over til bruk av fornybar energi. Arealdisponeringa må ta høgde for klima, unngå å bygge ned karbonrike areal, potensiell naturfare som styrtregn, overvatn, ras, flaum, vind, stormflo og havnivåstigning.

Me må sjå på tilstand til naturmangfaldet både marint og på land. Det bør vurderast å gjennomføre ei kartlegging av karbonrike areal i kommunen. Me må ta best mogleg vare på natur- og friluftslivsverdiane i kommunen og legge til grunn naturmangfaldlova §§ 8-12 for planarbeidet.

5.11 Energiproduksjon

Fitjar kommune har allereie ein stor vindmøllepark i Fjellet. Fitjar skal framleis fremje berekraftig energiproduksjon frå fornybare energikjelder.

Potensialet for meir lokal energiproduksjon, som t.d. sol-, vind- og kjernekraft, må sjåast på i ein heilskap. Kommunen skal vurdere å bidra til auka produksjon av rein elektrisk energi i tråd med lågutsleppssamfunnet og auka behov i dei komande åra.

Kommunen må vurdere å ta med i føresegnene til planen at alle nye kommunale bygg skal ha eigen energiproduksjon som t.d. solceller på tak.

5.12 Infrastruktur- transport, veg og parkering, gang- sykkelveg

Kommunen skal utvikle eit effektivt og berekraftig transportsystem og planleggje for god, naudsynt og trygg infrastruktur slik som veg, vatn, avlaup og breiband.

Me må skape ein infrastruktur som bind Fitjar sentrum og omliggjande byggefelt saman, og som også knyt bygdene og sentrum tettare saman. Betre og universelt utforma gang- og sykkeltilhøve er ynskjeleg. Me vil også freista å skape trygg, god, rask og effektiv infrastruktur med lågast mogleg klimautslepp som skapar best og raskast mogleg transport til/frå Stord, andre nabokommunar og E39. Fitjar skal vera ein pådrivar for utbygging av Hordfast.

Trygg skuleveg for alle må inn som rekkjefylgjekrav for alle nye relevante reguleringsplanar.

Byggegrenser mot veg må vurderast i planarbeidet.

I planarbeidet skal me sjå på sjøareala når det gjeld farleier, ferdsle, oppankring, og opplags- og riggområder i sjø.

5.13 Tilhøvet til gjeldande reguleringsplanar

Det er naudsynt å gå gjennom alle gjeldande reguleringsplanar, og vurdere om det er planar som skal opphevast. Spesielt aktuelt er det å sjå på eventuelle manglande føresegner, byggjegranser, utnyttingsgrad og arealføremål i dei eldre reguleringsplanane.

6. Organisering av planarbeidet

Arbeidet vert utført av ei administrativ arbeidsgruppe.

Kommunedirektøren får fullmakt til å setja ned ei administrativ arbeidsgruppe for planarbeidet og hente inn tilbud på naudsynte konsulenttenester.

Kommunestyret har nedsett ein kommunestyrekomité/styringsgruppe som har slikt mandat:

- Komitéen skal fylgja kommunedirektøren sitt arbeid med arealdelen til kommuneplanen.
- Komitéen skal ha møte når leiaren eller kommunedirektøren meiner det er behov. Komitéen skal og ha møte dersom minst ein tredjedel av medlemmene krev det.
- I innkallinga til møte skal det leggast ved sakliste og dokument som er relevante for det som skal drøftast.
- Komitéen kan føreta avrøystingar over innspel som skal gå til kommunedirektøren.
- Det skal skrivast referat frå møta.

Der kommunestyret skal gjera vedtak om kommuneplanen, skal formannskapet gje tilråding.

7. Medverknad og innspel

Kommunen ynskjer å skape engasjement for størst mogleg medverknad. Medverknadsprosessen for planarbeidet skal skje ved å skape engasjement i folkemøte, grendamøte, temamøte, innbyggjarpanel, kafémøte, ungdomsrådsmøte, eldrerådsmøte, næringsråd/næringsaktørar, skulane med born og unges interesser, lag- og organisasjonar og gjennom innspel i høyringsrunden.

Kommunen bør også nytte seg av aktiv bruk av sosiale media for særleg å skape engasjement hos born og unge for aktiv deltaking.

Alle innspel, vurderingar og grunngjevingar skal fylgja saka. Sorterings- og silingsarbeidet skal vera mest mogleg offentleg.

Kommunen er ansvarleg for utgreiing av innspel. For å leggja til rette for dette arbeidet må alle framlegg om ny utbygging/bruk av areal ha grunngjeving frå forslagsstillar. Dette må koma godt fram i eigne innspelsskjema.

8. ROS

Alle kommunar skal i samsvar med forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Stord og Fitjar kommunar reviderte felles ROS-analyse i 2022. ROS-analysen må oppdaterast for nye tiltak/planar starta opp etter at felles ROS vart ferdigstilt. Den overordna ROS-analysen dannar eit rammeverk som skal leggast til grunn for kommuneplanen sin arealdel og den konkrete ROS-analysen som skal gjennomførast her.

ROS-analysen er ei grov kartlegging av moglege risikofaktorar, også verksemdbasert risiko, basert på kommunen sine akseptkriterium. Område med fare, risiko eller sårbarheit blir avmerkt i planen med omsynssone (jamfør pbl. § 11-8)

9. Konsekvensutgreiing

For å sikra at det blir teke omsyn til miljø og samfunn i planarbeidet skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing i samsvar med plan og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiinga skal omfatta dei delane av planen som set rammer for framtidig utbygging og inneber endring av gjeldande kommuneplanar, skildra kva verknader utbygging av nye område eller vesentleg endring av arealbruken i utbygde område kan få for miljø og samfunn både i utbyggings- og driftsfasen, og korleis dette samsvarar med arealstrategien.

Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast i samsvar med anerkjent metodikk. I hovudsak skal metodikken som er skildra i rettleiar Konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven 2021 og ny handbok M-1941 Konsekvensutredningar for klima og miljø nyttast.

Konsekvensutgreiing av ny arealbruk skal i bygge på eksisterande kunnskap om miljø og samfunnsforhold. Etter kvart som ny kunnskap blir tilgjengeleg, skal denne supplera eller eventuelt erstatta eksisterande kunnskapsgrunnlag.

Tema som skal konsekvensutgreiast:

AREAL

- Store byggeområde
- Nye næringsområde
- Kraftproduksjon
- Behov for nye skular, bygg til eldreomsorga og barnehagar
- Sjøområde
- Tiltak i strandsona
- Dyrka, dyrkbar mark og skog
- Naturmangfald, sårbare eller truga marint dyre- og planteliv
- Mineralressursar og masseforvaltning
- Forureina grunn

INFRASTRUKTUR

- Vatn og avlaup
- El-kraft og breiband
- Veg og vegnett, sykkelveggar, fortau

BORN OG UNGE

- Tilrettelegginga av nærområde
- Uteareal og leikeområde

MILJØ OG KLIMA

- Skader på areal, bygg, anlegg og konstruksjonar grunna ekstremver og havnivåstigning.
- Område som kan vere eit naturfareområde etter NVE sin rettleiar
- Ureining til jord, luft, vatn
- Økosystemtenester
- Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål
- Friluftsliv
- Landskap
- Vassforvaltning
- Ålmenne interesser
- Støy
- Utslepp frå fartøy, industri og anna verksemd

KULTURMINNER OG KULTURMILJØ

- Areal med lokale, regionale og nasjonal kulturminneverdiar, kulturmiljø og landskapsidentitet

10. Framdrift

Utkast til revidert planprogram skal på høyring og offentlig ettersyn, frist for merknader skal vera minst 6 veker. Førebels framdriftsplan går fram av tabell under. Justeringar undervegs i prosessen kan føra til forskyvingar.

Tema	Periode
Første møte med regionalt planforum	13.06.23
Framlegg til planprogram på høyring	Juli-aug 2023
Fastsetjing av planprogram	Nov 2023
Kunngjere oppstart av KPA	Des 2023
Medverknad – grendamøte, temamøte	Des 2023- feb 2024
Merknadshandsaming	Feb-apr 2024
KU, ROS	Mars-des 2024
Føresegner og plankart	Sep-des 2024
Vedtak KPA på 1. gongs høyring	Jan-feb 2025
Off. ettersyn	Feb-mars 2025
Merknadshandsaming	Apr-mai 2025
Slutthandsaming i FS og KS	Juni 2025
Kunngjering	Aug 2025